

Til

Kommunane i Helse Fonna v. rådmenn og kommunedirektører  
og administrerende direktør i helseføretaket

01.07.2019

## Samarbeid om FOUSAM – oppseiing og reforhandling av avtale

### Orientering frå Samhandlingsutvalet til kommunane og helseføretaket

Kommunane i Helse Fonna og administrerende direktør i føretaket er i brev av 20.06.19 informert om at Høgskulen Vestlandet (HVL) seier opp avtale om FOUSAM med verknad frå 07.06.19. Avtalen har eit års oppseingsfrist og HVL ber i saken om at det blir starta ut prosess med reforhandling av avtalen.

Samhandlingsutvalet som er partsamansett har fire representantar frå kommunane oppnemnde av rådmann, fire frå helseføretaket oppnemnde av administrerende direktør og to brukarrepresentantar utpeika av brukarutvalet i Helse Fonna. Leiar av FOUSAM har møte- og talerett og HVL har i tillegg ein representant med møte- og talerett som endrar status til reelt medlem i saker som omhandlar FOUSAM.

Samhandlingsutvalet er i overordna samarbeidsavtale gitt mandat og myndigheit til å følgje opp og halde ved like samarbeidsavtalen med tilhøyrande tenesteavtalar. Utvalet vil med bakgrunn i dette starte prosessen med å reforhandla avtalen med HVL om FOUSAM. Før dette vil det bli gjort vurdering av om kompetansen i utvalet bør kompletterast.

Samhandlingsutvalet har sitt neste møte 4. september, og det vil etter dette bli utarbeida informasjon til alle partar om utvalet sitt forslag til endeleg forhandlingsutval og prosess for arbeidet.

Samhandlingsutvalet vil ta initiativ til å utarbeida saksframlegg for å sikre vidare forankring i kommunar og helseføretak.

Med ønske om ein god sommer!

På vegne av Samhandlingsutvalet

  
Kari Ugland, leiar

  
Sissel Hynne, nestleiar